

Saksbehandlar: Maj Britt Brendstuen, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/1342-2

Stortings- og sametingsvalet 2021 - utlegging av manntal til offentlig ettersyn

Rådmannen rår valstyret til å gjere slikt vedtak:

Manntal for Stortingsvalet vert lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 5. juli – 13. september på desse stadane:

1.

Balestrand	Rådhuset
Fjærland	Joker
Leikanger	Tinghuset
Kaupanger	Coop Ekstra, avd. Kaupanger
Sogndal	Kommunehuset

Utlegging skal kunngjerast i Sogn Avis, Porten og på kommunen si nettside innan utlegging.

2. Manntal for Sametingsvalet vert lagt utter 15. juli 2021.
3. Frist for tinging av manntalslister for politiske parti som stiller liste ved stortingsvalet vert sett til 15. juli 2021.

Veljarar som meiner at dei sjølve eller nokon annan er innført feil eller utelate frå manntalet, kan krevje at valstyret rettar opp feilen. Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve og sendast til: Sogndal valstyre, Postboks 153, 6851 Sogndal.

Vedlegg:

1. Informasjon om Sametingets valmanntal, Sametinget

Andre relevante dokument i saka:

- [Valglova § 2-6](#)
- [Vallova kap. 4.](#)
- [Valforskrift §3](#)

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Stortingsvalet

Så snart det let seg gjere etter skjæringsdatoen 30. juni, skal valstyret legge manntalet ut til offentlig ettersyn, jf. vallova § 2-6 første ledd. Det er ikkje fastsett nokon bestemt dato for utlegginga, men det skal skje så snart det let seg gjere.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegginga og gi opplysning om tilgang til og framgangsmåte for å krevje feil retta, jf. vallova § 2-6 (2).

Sametingsvalet

Den som har registrert seg i Sametingets valmanntal innan 30. juni 2021 har røysterett. Det endelege valmanntalet vil bli ferdig i tidsrommet 10. – 15. juli.

Valstyret kunngjer tid og stad for utlegging og skal opplyse om tilgang til og framgangsmåte for å krevje at feil blir retta. Kommunane vel om dei vil sende kvar einskild som er innført i manntalet ei orientering om ettersyn.

Sogndal kommune har færre enn 30 i manntalet ved sametingsvalet, og valstyret kan då fungere som samevalstyre.

Kopiar av manntal til dei som stiller liste ved valet

Valforskrifta § 3 fastset at alle som stiller liste ved valet har rett til eit gratis eksemplar av manntalet. Det er eit krav at dei bestiller dette innan fristen valstyret set.

Forskrifta § 3 fastset at krav om manntalseksemplar må settast fram for valstyret i vedkomande kommune. Forslagsstillarane ved stortingsval må såleis sette fram krav til valstyret i Sogndal kommune.

Forslagsstillarane har ikkje krav på å få meir enn eit eksemplar av manntalet. Det er ikkje noko i vegen for at dei kan få tilgang til fleire eksemplar, dersom dei sjølve tek omkostningane knytt til dette.

Etter forskrifta kan forslagsstillarane og be om oppgåver over bestemte grupper veljarar, dersom dei sjølve betalar for det. Manntalsavskrifter og eventuelt anna materiell som bygger på manntalet, kan berre brukast til politiske føremål.

Valstyret må halde oversikt over utleverte manntalseksemplar, ettersom dei skal sørge for at dei vert levert tilbake seinast innan to år. Valstyret bør sørge for at dei som får manntalsavskrifter blir gjort kjent med regelverket.